



Møtebok
Fjordvegen Rute 13
Styremøte 20.08.2019
Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus
Klokka 15.30 – 17.45

Møtte: Gerd Helen Bø, Marte Hammer, Roald Aga Haug, Morten Midlang, Svanhild Løge Skålheim, Irene Heng Lauvsnes (på link), Hanne Sundbø, Trude Rinaldo, Jostein Eitrheim

Forfall: Arnstein Menes, Arne Bergsvåg, Sigbjørn Hauge

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø og Trude L. Rinaldo

Agenda	Kl. 11.00 – 13.00	Sakshandsaming
	Kl. 13.00 – 13.45	Lunsj
	Kl. 13.45 – 14.30	Sakshandsaming

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Sak 16/19 Meldingar

Ingen meldingar var utsendt til møtet.
Lesarinnlegg til lokalaviser var ettersendt.

Sak 17/19 Forlenging av avtale mellom Fjordvegen Rute 13 og Hanne Sundbø

Vedtak: Styret vedtek forlenging for 2 år vedr. avtalar knytta til engasjement av konsulent Hanne Sundbø. Administrasjonen utformar aktuelle avtalar.

Sak 18/19 Påverknadsarbeid mot NTP 2022-2033

- Rassikringsargumentet vil vera det beste og sterkaste for Rv13
- Spela på lag med Nasjonal rassikringsgruppe.
- Dokumentera verdiskaping langs Rv13.
- Møter med fylkesbenkar og partifraksjonar i transport- og kommunikasjonskomiteen MRK Tidleg ute med kort prioriteringsliste.
- Stikkordsuttale
- Dokumentera folketal, verksemder, verdiskaping m.m.
- Avtala møter med nye fylkesordførar etter valget.
- Enkle løysingar som gjev trygg og tenleg veg.

Sak 19/19 Økonomi - budsjett 2020

Administrasjonen legg i neste styremøte fram forslag til tiltak som vil gje inntektsauke i 2020. Styret ønskjer ikkje at medlemmer vert fakturert noko "tilleggskontingent" for 2019.

Sak 20/19**Årskonferansen v/Hanne Sundbø**

- Deltakarevaluering frå årets konferanse.
- Planlegging av neste års konferanse
 - Tidspunkt april/mai 2020
 - Stad: Hjelmeland Spa-Hotell Velvære
 - Tema: Vert lagt fram og drøfta i neste styremøte

Sak 21/19**Fast Post: Gjennomgang av status for Rv13**Sogn og Fjordane:

Goteviktunnelen

Rv55 vert til Rv13 Hella - Sogndal.

Dette skjer i oktober.

Hordaland:

Store trafikale problem Kinsarvik - Bjotveit og ved Låtefoss

Rogaland:

Forskottering Rødsliane

Ryfast opnar i desember 2019

Sak 22/19**Innmeldte saker/Ymse**

- Orientering om "Travel like the locals 2019" i Fjordvegregionen
 - Hanne orienterte. Tilbodet vart seint marknadsført og dette førte til litt dårleg sal i juli. Noko betring i august. Forventar auka sal til neste sesong. Evalueringssmøte skal vera 18. september. Fjordvegen deltar.
- Møteplan hausten 2019
 - Oktober: i Sogndal i samband med endring av Rv13 frå Hella til Sogndal
 - Desember: i Ryfylke/Stavanger i samband med opning av Ryfast. Administrasjonen sender ut forslag til datoar på doodle.

Jostein Eitrheim
Referent